

Vinje Kommune

v/sakshandsamar Åsne Skjøtskift Øygarden

Vedk informasjonsmøte om planvask

Av visse årsaker kjem eg ikkje på møte, men vil vente på invitasjon til samtale direkte med kommunen slik de innbyr til.

Eg vil likevel skrive litt om desse spørsmåla også her:

Vedk bygging på myr, så er forholdet slik at eg har 3 -til dels 4 tomter som ligg på myr. Til desse er bygd infrastruktur m.m, og betalt utbyggingsbidrag til fondet som kommunen forvaltar. Det er elles verdt å presisere at det hittil ikkje er bygd hytter på myr på eigedomen. Tomtene det er snakk om er forøvrig dei mest attraktive i reguleringsplanen. Dei er klare for salg, men som kjent er markedet no stille, så det har drege ut med dette.

Det er umogleg å sjå for seg at desse tomtene skulle bli teke vekk. Det er fullstendig urimeleg. Det kan ikkje vera slik at ein fastbuande grunneigar som i ti-år har stått bakerst i køen for å få godkjent ein reguleringsplan no brått skal få redusera denne betydeleg.

Det gjer det ikkje betre at utsiktene til planlegging og utbygging på andre felt på eigedomen er radera vekk i denne omgang. Det er bruka mykje pengar på å utarbeide forslag til nye utbyggingsområde på eigedomen, etter invitasjonar frå kommunen om å fremje slike.

Ein skulle òg tru at det generelt er bra for lokalsamfunnet at verdjar blir verande i bygdi og at dei som har mogleghet til det kan få styrke sitt økonomiske grunnlag, framfor at dei store verdiane fer ut av bygdi.

Eg føreset at dei nevnte tilhøve blir teke på alvor, og at ingen av tomtene i reguleringsplanen blir fjerna, men at ein om nødvendig heller ser på om det kan gjerast små justeringr på ei eller to av dei.

Med helsing

Austbø 24 november 2025



Odd Skeie
(151/5)